

EVALUERING haust 2015 og vår 2016

Hausten 2015 og våren 2016 har praksisemnet ved Sampol vore noko prega av overraskande lågt studenttal, særleg våren 2016 då ein hadde venta høgare søkjartal enn semesteret før, men endte med færre studentar etter at fire trekte søknaden undervegs i prosessen. Samstundes har det vore fleire ECON-studentar tidlegare våren 2016, noko som gjer at det samla studenttalet ikkje har gått dramatisk ned.

Våren 2016 vart det gjennomført ei evaluering av søknadsprosessen, og denne gav verken grunn til å tru at det var søknadsprosessen eller studentane sitt inntrykk av emnet som var årsaker til at det er få studentar. Det som derimot går igjen er at studentane meiner emnet kunne vore betre marknadsført, og det er sett inn tiltak for å møte dette.

Når det gjeld samarbeidsverksemder er biletet svært positivt. Vi har fleire svært trufaste samarbeidsverksemder, og emneansvarleg blir regelmessig kontakta av verksemder som har høyrte om prosjektet og ønskjer å gå inn som samarbeidspartner.

For emneansvarleg har det vore ei utfordring at det ikkje har vore særleg klare retningslinjer for korleis og kor tid ein må gjennomføre forskjellige oppgåver. Det har difor vore lagt ned ein del arbeid i å utarbeide klarare retningslinjer, samt årshjul for praksisemnet for å assistere overgangen til ny emneansvarleg i løpet av vårsemesteret 2016.


Emneansvarleg

Kurt-Rune Bergset

Innhald

Søkjartal og rekruttering	2
Studentgjennomføring og oversyn over samarbeidsbedrifter.....	4
Oversyn over samarbeidsverksemder (per vår 2016)	4
Samarbeid med Institutt for økonomi.....	5
Vedlegg: Rutinar, arbeidsoppgåver o.l. for ny emneansvarleg	6
1. Plan for overgang til ny emneansvarleg (<i>work in progress...</i>)	6
2. Årshjul for oppfølging og rettleiing av studentar	7
3. Årshjul for administrasjon av praksisemnet.....	9
4. Vedlegg: Kort gjennomgang av resultatata frå evalueringa av søknadsprosessen	12
5. Vedlegg: Grunnlagstabell, studentrekruttering	13

Søkjartal og rekruttering



Rekrutteringsstatistikk: Det samla studenttalet er merka med grå, heil linje frå våren 2008 til våren 2016. Frå hausten 2012 kom Econ med, og tala for Sampol er herifrå skilt ut med blå linje og andreaskors. Tala for Econ er skilt ut med oransje linje og sirkular. Søkjartal er merka med tilsvarende farge og teikn, men med stipla, heller enn heil linje. Datagrunnlag: Sjå vedlegget «Grunnlagstabell, studentrekruttering».

Det går fram av grafen ovanfor at etter ein midlertidig rekrutteringstopp våren 2013, har det vore ein gradvis nedgang i talet på praksisstudentar. Likevel har ikkje talet på studentar i vårsemesteret vore under gjennomsnittet for emnet.

Hovudtendensen i nedgangen ser ut til å komme av at talet på søkjarar frå Sampol har gått ned frå og med våren 2014, samstundes som det også er færre frå Sampol som er tilsette. For Econ ser vi den motsette tendensen, med eit kraftig løft våren 2016, noko som har ført til at det for første gong er fleirtal av Econ-studentar på emnet.

Hausten 2015 søkte sju studentar frå Sampol og seks studentar frå Econ på praksisplass. Seks Sampol-studentar og tre Econ-studentar tok imot praktikantplass. Søknadsprosessen drog noko ut som følgje av overgang mellom to emneansvarlege under sommarferien, samt uklære rutinar for søknadshandsaming. Dette fekk vi også tilbakemelding på frå nokre av søkjarane. Ein søkjar trakk søknaden grunna den lange søknadshandsaminga.

Våren 2016 var det åtte søkjarar frå Sampol og heile 11 søkjarar frå Econ. To econstudentar og ein sampolstudent møtte ikkje karakterkrava. Ni econstudentar og berre fire sampolstudentar tok imot praktikantplass. Tre av søkjarane frå Sampol trekte søknaden i løpet av prosessen. Søknadshandsaminga våren 2016 gjekk smidig, men prosessen er - sett frå emneansvarleg si side – likevel prega av behov for klårare rutinar. Det vart gjennomført ei lita, uformell evaluering av opptaket dette semesteret, og det er ingen indikasjonar på at verken samarbeidsverksemdene eller søkjarane har hatt noko oppleving av dette.

Praksis i utlandet (SAMPOL114/291) har ikkje hatt studentar hausten 2015 eller våren 2016. Vest-Norges Brüsselkontor har vald å ikkje tilsette søkjarar via Sampol fordi betre kandidatar søker direkte til dei. Det er også svært få søkjarar.

Evalueringa som er gjennomført av opptaket våren 2016 syner ein klar tendens til at respondentane (søkjarar og studentar som viste interesse, men ikkje søkte, avgrensa til Sampol) meiner emnet er for lite synleg blant studentane på Sampol. Hovudkonklusjonen derifrå er at studentane saknar betre marknadsføring. Utover dette har dei sjølve eit godt inntrykk av emnet (også dei som ikkje fekk eller søkte om praksisplass) og av søknadsprosessen.

Frå emneansvarleg si side verkar det også som at studentane oppfattar dette som eit tilbod med langt høgare terskel enn det eigentleg har – særleg praksisplassen i Brüssel. Mi vurdering er at det difor bør kommuniserast tydelegare at det berre er krav om normalt karaktergjennomsnitt og at det er relativt få søkjarar i forhold til talet på praksisplassar. I den nye emneskildringa for Sampol290/291 vart kravet om C i MET102 konkretisert. Dette bør kanskje spelast ned i marknadsføringa for å styrke inntrykket av at praksis er eit lågterskeltilbod. Samstundes bør ein kommunisere tydelegare kor store mulegheiter dette emnet faktisk byr på overfor studentane.

Særleg gjeld dette for SAMPOL291, som ein risikerer å miste dersom vi ikkje klarar å rekruttere gode kandidatar.

Det er gjennomført tiltak for å marknadsføre emnet betre. Våren 2016 er det planlagt oppmøte i førelesinga i til saman seks emne med aktuelle studentar. Her vil emneansvarleg både opplyse om tilbodet og om informasjonsmøtet i slutten av april, der vi både får representantar for verksemdene og noverande praktikantar for å informere om praksisemnet. Sidan evalueringa også syner at meldingane som var sende ut via Mi side ikkje vart lesne, bør ein også gå gjennom språklyden i desse (særleg emnefeltet, som er det studentane ser).

Studierettleiar på Sampol har også lagt inn SAMPOL290/291 som såkalla «tilrådde valemne» i studieløp-oversynet på nettsidene til bachelorprogramma i både samanliknande politikk og europastudiar. Tidlegare har desse emna ikkje gått fram av dette oversynet, som studentane tilsynelatande brukar svært flittig når dei skal legge opp studieplanen.

Fram mot hausten 2016 bør ein følgje opp desse tiltaka, samt gjere noko i samband med karrieredagen.

Studentgjennomføring og oversyn over samarbeidsbedrifter

Studentar på ECON281 er ikkje med i denne vurderinga.

Hausten 2015 gjennomførte alle dei seks studentane (sampil/eur) emnet med ståkarakter både på praksisrapporten og den munnlege presentasjonen.

Tre studentar var tilsette i FN-sambandet, ein var tilsett hos KS, ein hos Bergen Næringsråd og til slutt ein hos Skatt Vest.

Tilbakemeldingane frå både studentar og arbeidsgjevarar var jamt over svært positive, både undervegs og på slutten av semesteret. Ei av verksemdene var noko prega av underbemanning grunna sjukemeldingar, noko som også førte til noko meir arbeid og litt meir uklår situasjon for gjennomføringa av praksis.

Oversyn over samarbeidsverksemder (per vår 2016)

Følgjande verksemder har vi hatt vedvarande samarbeid med over lengre tid. Dette er verksemder som kjenner emnet og samarbeidet godt, og som i utgangspunktet ikkje treng særleg aktiv oppfølging.

- **FN-sambandet**, har vore med lenge og bygger store deler av drifta si rundt praktikantar.
- **KS**, har vore med lenge.
- **Bergen Næringsråd**, har vore med lenge.
- **Maritimt Forum**, har vore med lenge
- **Skatt Vest**, har vore med lenge, men kom inn med ei ny avdeling (analyse og utgreiing) hausten 2015. Dette såg ut til å fungere svært bra, og studentane har fått fagleg svært utfordrande oppgåver.
- **NAV**, har vore med lenge, men kan gå periodar utan å ta inn studentar.
- **Vest-Norges Brusselkontor** (obs: eigen emnekode: SAMPOL291), har vore med lenge, men dei siste to semestra har dei ikkje tilsett nokon via SAMPOL291 grunna lågt søkjartal.

Nye verksemder

Stadig nye verksemder tek kontakt om å inngå samarbeid, som følgje av at vi har eit godt ord på oss blant samarbeidsverksemdene våre. Dei følgjande verksemdene er relativt nye og bør få særleg oppfølging:

- **Austevoll kommune** vil ta inn praktikant frå hausten 2016. Kultur- og næringsssjefen her, [John Tveit](#) var lenge direktør ved Vest-Norges Brusselkontor og kjenner dimed praksisprosjektet godt.
- **Matarena A/S** ville ta inn praktikant allereie hausten 2015, men fekk ingen søkjarar. Våren 2016 har dei fått ein praktikant trass i at ingen hadde søkt seg direkte dit. Dei bør oppmodast til å stille på kommande informasjonsmøte.
- **Norges Sildesalgslag** er nye våren 2016. Dei fekk svært mange søkjarar etter ein god presentasjon på informasjonsmøtet.
- **Bergen kommune** vil kanskje ta inn ein praktikant hausten 2016.
- **Gulating Lagmannsrett** har ein praktikant frå Sampol våren 2016. Dette er den einaste nye verksemda som har komme inn etter at vi har teke aktiv kontakt. Føremålet er at dette skal vere ein mulegheit for studentar som tek domstolsemner ila. bachelorgraden og er interesserte i å lære meir om norske domstolar.

- **Christian Michelsens Institutt**, CMI har ein praktikant frå våren 2016. Denne avtalen kom til etter at ein av søkjarane hadde kontakta både CMI og oss om å skape ein praktikantplass. Plassen vart lyst ut ope og var ikkje avgrensa til denne eine studenten. Dette kan bli eit godt samarbeid, men ein bør evaluere utplasseringa mtp. at det ikkje bør bli eit substitutt for å tilsette ein vit.ass. ved CMI.

Tidlegare samarbeidsverksemdar

Følgjande verksemdar har vi tidlegare hatt eit samarbeid med.

- **Impact Hub**
- **Askøy kommune** vil ikkje halde fram, men kan vere open for praktikantar seinare. Positiv erfaring.
- **Bergens Tidende**. BT stiller svært strenge krav til kven dei tek opp, har eigne søknadsfristar til sitt eige opptak og har – så vidt underteikna veit – ikkje tilsett nokon frå Sampol.
- **Business Region Bergen**
- **Sparebanken Vest**
- **Fiskeriforum Vest** er avvikla. Avtalen er – så vidt underteikna forstår – vidareført gjennom Matarena A/S

Samarbeid med Institutt for økonomi

Det var i utgangspunktet meininga at ECON281 skulle skiljast ut som eige emne både administrativt og fagleg våren 2016, men som ei midlertidig løysing har samarbeidet halde fram. Samstundes er det for første gong fleire studentar frå samfunnsøkonomi enn frå sampol dette semesteret. Frå og med 2015 skulle Econ ta seg av fagleg oppfølging av sine studentar, medan emneansvarleg på Sampol framleis har det administrative ansvaret fram til praksisen byrjar.

ECON281 har hatt to forskjellige emneansvarlege hausten 2015 og våren 2016, med ansvar for fagleg oppfølging. Fagleg oppfølging inneber å halde kontakt med både studentar og mentor, samt gjennomføre fagleg rettleiing både til faste fristar og ad hoc. Dei faste fristane er i utgangspunktet dei same for Econ og Sampol, og består av eit bedriftsbesøk, samt to faste fristar for rettleiing på praksisrapporten.

Per februar 2016 er det uklårt om dei to emneansvarlege for ECON281 har gjennomført den oppfølginga dei er venta å gjennomføre. Særleg gjeld dette bedriftsbesøk. Det er urovekkande at emneansvarleg på ECON281 per 17. desember ikkje har gjennomført meir enn eitt bedriftsbesøk, og at dette bedriftsbesøket var initiert av emneansvarleg på Sampol.

Bedriftsbesøket er ein svært viktig møtearena mellom student, rettleiar og mentor og fungerer som ei forsikring for at studentane får relevante arbeidsoppgåver og har ein plan for praksisrapporten. Det kan oppstå forskjellige forventningar frå mentor i bedrifta, studenten eller emneansvarleg, og ein svært viktig funksjon ved bedriftsbesøket er å løyse ev. flokar før dei oppstår, samt ta tidleg grep dersom det faglege nivået for utplasseringa ikkje held mål. Dersom dette ikkje blir gjennomført før ein er halvveges ute i semesteret risikerer ein at studentar ikkje får levert praksisrapport og ikkje får utbytte av praksisen. Ein risikerer også at samarbeidsbedriftene våre får eit uheldig inntrykk av universitetet som samarbeidspartnar i møte med svært ulike

Dersom samarbeidet med Econ skal halde fram bør dagens løysing med å fordele ansvaret for fagleg oppfølging anten supplerast med tydelege retningslinjer for kven som har ansvar for kva og kor tid ting bør gjennomførast. Eventuelt bør ein gå tilbake til å samle både administrativt og fagleg ansvar ein stad.

Vedlegg: Rutinar, arbeidsoppgåver o.l. for ny emneansvarleg

1. Plan for overgang til ny emneansvarleg (*work in progress...*)

Tilgangar ny emneansvarleg må ha

- Mi side: emneansvarleg i både SAMPOL290 og 291
- KARK: Tilgang skal komme automatisk for emneansvarleg i Mi side
- Felles Studentsystem (FS): Trengst ikkje. Studierettleiar kan legge inn undervisings- og eksamensmeldingar for så få studentar

Opplæring

- Mi side: Tidl. emneansvarleg
- Kark: Tidl. emneansvarleg (ev. også Kark-kontoret kark@uib.no / 555 88939)
- FS: Dersom naudsynt: [Kurs ved Studieadm. avdeling](#).

Eventuelle kurs utover innføring ved tidl. emneansvarleg: [Sjå SA-Wiki](#) (Kurs i KARK, FS, osv..).

Planar og overlappingsperiode

- Mulegheit for felles rettleiing i veke 11 (første rettleiing, 15. – 17. mars)?
 - Ved andre rettleiing er eg gått over i ny stilling
- Opplæringsperiode: Ei veke? Veke 17??
- Gjennomgang av planar og arbeidsoppgåver for vår og haust
 - Rekruttering
 - Rettleiing
 - Samarbeid med samfunnsøkonomi
 -

2. Årshjul for oppfølging og rettleiing av studentar

	Vår	Haust	
Startmøte (inkl. kontrakt)	Veke 3/4	Veke 34/35	<p><u>Føremålet</u> er å gje litt grunnleggande informasjon om praksisemnet:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Litt bakgrunn om praksisemnet 2. Forventa utbytte <ol style="list-style-type: none"> a. Kort gjennomgang av fagleg kompetanse frå sampol-utdanninga b. Kort gjennomgang av utbytte av praksis (erfaring, nettverk, CV, osb) 3. Formelle krav <ol style="list-style-type: none"> a. Overfor bedrift: Arbeidstid, ulønna opp til 300 timar, osb. b. Overfor UiB: Praksisrapport, rettleiing, ta kontakt om det er noko!, osb. c. VIKTIG: Arbeidskontrakt. Del ut kontrakt (ferdig signert av inst.leiar). d. (det er også lurt å dele ut studieheftet) 4. Kartlegging av oppstart <ol style="list-style-type: none"> a. Kor mange har komme i gang? b. Svare på spørsmål i startfasen 5. Kontrakt: Del ut kontrakt med instituttleiar sin signatur til alle studentane. Dei skal levere tilbake ferdig signert kontrakt innan bedriftsbesøket
Avtal bedriftsbesøk	Veke 3/4	Veke 34/35	Send ut e-post til bedrift med kopi til student om bedriftsbesøk. Inkluder informasjon om kva du ønskjer å snakke om, så er alle partar godt førebudde.
Bedriftsbesøk	Veke 6/7	Veke 37/38	<p>Både mentor og student skal vere til stade (det er lurt å sende ut påminning dagen før møtet med info om forskjellige tema for møtet).</p> <p><u>Student</u> Praksisrapport: Problemstillinga og kort framdriftsplan skal vere klar (data, metode, ol). Arbeidsoppgåver: Har dei komme godt i gang, fått oppgåver? Besøk kontorplass Kontrakt: Ferdig signert</p> <p><u>Bedrift</u> Tilbakemeldingar: Er dei fornøgde? (tilsettingsprosess, student, osb)</p>

			Neste semester: Første følar på om dei ønskjer å ta inn praktikant kommande semester. <i>Gjerne kombinasjon av fellesmøte og korte individuelle møter med student og mentor</i>
Kort oppfølging	Veke 8/9 + ad hoc	Veke 39/40 + ad hoc	Kort oppfølging av både bedrift og praktikant per e-post/telefon to veker etter bedriftsbesøk Ad hoc oppfølging av student og bedrift på førespurnad per e-post/telefon.
Første rettleiing	Veke 12	Veke 43	Føremålet er å gje studentane klare tidsfristar som driv dei framover, samt å svare på spørsmål og løyse ev. flokar dei har komme i. Den første rettleiinga er lite tidkrevjande, både når det gjeld gjennomlesing og tilbakemeldingar.. Det er likevel lurt å sette av ein time. Fokuser på framdriftsplanar på første rettleiing: Prosjektet skal vere gjennomførbart! Send ut e-post ei veke før kvar rettleiing med påminning og konkrete ønskjer om kva studenten bør ha førebudd. <i>Stad: Emneansvarleg sitt kontor</i>
Andre rettleiing	Veke 17	Veke 47	
Skriftleg innlevering	Veke 19	Veke 49	
Munnleg eksamen	Kort tid etter skriftleg	Kort tid etter skriftleg	<i>Må avtalast med sensor når vedk. er utnemnd. Høyr med Therese.</i>

3. Årshjul for administrasjon av praksisemnet

	Vår	Haust	
ADMINISTRATIVT			
Registrering o.l.	Veke 2		<p>Felles Studentsystem (FS): Studierettleiar (Stine) legg inn undervisnings- og eksamensmelding for studentane. Send liste over kva for studentar som skal registrerast til studierettleiar.</p> <p>Mi side: Sjekk at emneansvarleg står som administrator i SAMPOL290 og SAMPOL291 (dersom ikkje: kontakt studierettleiar/Stine). Det er også lurt å melde seg inn i ECON281 for å følge ev. informasjonsgang der.</p> <p>Studentar skal bli automatisk lagt til etter registrering i Felles Studentsystem (FS). Sjekk dette.</p> <p>Oppdater fillageret for SAMPOL290/291:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Studiehefte - Oppneringsliste og rettleiingstidspunkt - Dømeoppgåver <p>Legg inn frist for endeleg innlevering via Mi side + sjekk at «Automatisk pålogging til KARK» ligg på framsida.</p> <p>KARK: Legg inn fristar for første- og andre innlevering (ved problem, kontakt kark@uib.no/ 555 88939)</p>
Fakturering: Faktura- informasjon til Christine	Veke 3		<p>Bedriftene blir fakturerte for kr 5 000 per student. Sampol fakturerer UiB sentralt, og UiB sentralt fakturerer dei aktuelle bedriftene. r</p> <p>Send oversyn over kor mykje kvar bedrift skal betale, samt fakturaadresse/-info til Christine</p> <p>Oppdater dokumentet «Kontaktinfo m.m.xlsx» med korrekte fakturaadresser og kontaktinformasjon</p>
MARKNADSFØRING			
Oppdater nettsider	Veke 3 + <i>ad hoc.</i>		<p>Legg inn nye verksemder og fjern gamle, nytt søknadsskjema, nye fristar. Sjekk at informasjon stemmer.</p> <p>http://praksis.link.uib.no/</p>

Førelesingar: Avtal	Veke 7		Send e-post til emneansvarleg i aktuelle emne. Avtal å få fem minutt av ei førelesing for å informere om praksis og informasjonsmøtet.
Førelesingar: Møt i førelesingar	Veke 10/11		Hugs å sende lysark til førelesar ei veke før!
Til bedrifter: Send info til bedriftene	Veke 13		Send ut invitasjon til å stille på informasjonsmøte – be eksplisitt om svar: Kven stiller frå bedrifta? Vedlegg til invitasjonen: Rekrutterings- og søknadsplan med søknadsfrist og tentative fristar for intervju o.l. (sjå «Verksemder – Rekrutteringsplan.pdf/.docx»)
Til studentar: Legg ut info om infomøte	Veke 15		<ul style="list-style-type: none"> • Informasjon på Miside og e-post til aktuelle studentar (studierettleiar/Stine). • Informasjon på Facebook, Twitter, Sampol-nettsida (nettsideansvarleg)
Informasjonsmøte	Veke 17		Presentasjon av praksis: <ol style="list-style-type: none"> 1. Mulegheiter, tilbakemeldingar frå tidlegare studentar og liknande. 2. Bedriftspresentasjonar 3. Formelle krav, kontakinformasjon og liknande.
SØKNADER			
Søknadsfrist og distribusjon av søknader til bedriftene	Veke 19		Torsdag: Søknadsfrist Fredag: Send søknader ut til bedriftene <ol style="list-style-type: none"> 1. Luk ut studentar som ikkje er kvalifiserte 2. Distribuer kvar søknad til alle dei tre prioriterte bedriftene - Be eksplisitt om tilbakemelding og oppmod til hurtig gjennomgang og intervjuinnkalling
Bedriftene: «Frist» for å kalle inn til intervju	Veke 20		Mange samarbeidsbedrifter → svært ulikt tempo, så ein bør vere fleksibel samstundes som ein prøvar å få fortgang i prosessen. Studentane planlegg neste semester i denne perioden og bør helst få avklaring før ferieavvikling.
Bedriftene: «Frist» for gjennomføring av intervju	Veke 21		
Ny runde med distribuering av søknader	Veke 22		Dei studentane som ikkje har fått tildelt praksisplass kan her fordelast på bedrifter som ikkje har fått tildelt praktikant, dersom bedrift og student er interesserte i det.

ADMINISTRATIVT			
Emneevaluering	Veke 22 →		Emnet skal evaluerast regelmessig. Særleg viktig vår 2016: Ny emnekode → må evaluerast
Planlegg neste semester	Veke 22 →		
Kontakt med nye og gamle bedrifter	<i>Ad hoc.</i>		Knyt kontakt med nye bedrifter, hald kontakt med gamle bedrifter.
Representere Sampol i samband med Praksis	<i>Ad hoc.</i>		Representere Sampol i UiB sine fora for praksis eller andre samlingar knytt til praksis.

4. Vedlegg: Kort gjennomgang av resultatene frå evalueringa av søknadsprosessen

Det vart gjennomført uformell evaluering av søknadsprosessen våren 2016. Informasjon vart henta ved inn med opne spørsmål via e-post til sampol-/eurstudentar som anten søkte om praksisplass våren 2016, eller som synta interesse men ikkje søkte. (N=7)

Respondenten sitt personleg inntrykk av praksisemnet

Blant svara går det fram at studentane (i dette svært avgrensa utvalet) personleg har eit godt inntrykk av praksisemnet, og at dei ser på dette som ein unik mulegheit. Mtp. jungeltelegrafan kunne det vore interessant å følgje opp dette etter eksamen for å sjå om dei som har praksis dette semesteret endrar oppfatning, sjølv om inntrykket mitt er at studentar er svært fornøgde etter praksis.

Søknadsprosessen: Erfaring

Dei fleste oppfatta søknadsprosessen som ryddig og grei. Likevel gjev nokre uttrykk for at dei ikkje kjende prosessen frå søknaden var innlevert til intervju og ev. tilsetting.

Betre informasjon om dei formelle stega i søknadsprosessen bør difor gå fram av nettsidene eller søknadsskjemaet. I tillegg bør kanskje søknader vidaresendast til bedriftene med studenten som kopimottakar («cc:») eller ei anna form for orientering til studenten om kva for verksemdar som har fått tilsendt søknaden.

Ein av studentane som ikkje søkte grunnlag spesifikt kravet om C i MET102 som ein baug. Ein kan revurdere kravet om C i MET102 som vart konkretisert med den nye emneskildringa, men årsaka til kravet om C i MET102 er at nettopp metodekunnskap er særleg etterspurd blant nokre av (ikkje alle) verksemdene.

Bør marknadsførast betre

Fleire av respondentane meiner at både emnet og informasjonsmøtet før søknadsprosessen bør marknadsførast betre.

Blant konkrete tiltak nemner respondentane dessverre fleire av dei tiltaka som allereie var iverksette: Annonsering via Mi side og Facebook. Dette tydar på at annonsane ikkje har blitt fanga opp. Dei to Facebook-gruppene «[Gruppe for Sampol-studentar](#)» og «[SAMPOL-STUDENTER](#)» blir nemnde som utvida marknadsførings-arena.

Studentane føreslår også å møte opp i relevante førelesingar¹ for å fortelje om praksistilbodet.

Ikkje overraskande verkar det som informasjonsmøtet er avgjerande for kva studentane søker på. Det er i mi erfaring ikkje vanskeleg å få god oppslutnad blant bedriftene om ein kontaktar dei i god tid. Utfordringa blir å trekke studentar.

Til slutt er også [praksisnettsidene](#) ein viktig informasjonskanal, og det kan truleg gjerast meir for å sørge for at desse alltid er heilt oppdaterte med korrekt informasjon om verksemdene o.l.

¹ Førelesingar for sampol/eur i emne der fleirtalet av studentane vil fullføre eller har fullført MET102 i kommande semester. Haust: T.d. SAMPOL115, MET102, ein del 200-emner. Vår: Sampol105/6/7, 200-emner.

5. Vedlegg: Grunnlagstabell, studentrekruttering

Studentrekruttering SAMPOL113/SAMPOL290

Semester	Opptak				Søkjarar	
	Sampol	Econ	Til saman	Econ % av Samla	Sampol	Econ
Vår 2008	6		6			
Høst 2008	1		1			
Vår 2009	6		6			
Høst 2009	14		14			
Vår 2010	11		11			
Høst 2010	9		9			
Vår 2011	8		8			
Høst 2011	5		5			
Vår 2012	12		12			
Høst 2012	11	5	16	31 %		
Vår 2013	13	6	19	32 %		
Høst 2013	11	2	13	15 %		
Vår 2014	11	4	15	27 %	18	13
Høst 2014	7	2	9	22 %	12	6
Vår 2015	9	4	13	31 %	15	5
Høst 2015	6	3	9	33 %	7	6
Vår 2016	4	9	13	69 %	8	11
<i>Gjennomsnitt</i>	<i>8,5</i>	<i>4,4</i>	<i>10,5</i>	<i>33 %</i>	<i>12</i>	<i>8,2</i>
<i>Sum</i>	<i>144</i>	<i>35</i>	<i>179</i>		<i>60</i>	<i>41</i>
<i>Gjennomsnitt vår</i>	<i>8,9</i>	<i>5,8</i>	<i>11,4</i>	<i>40 %</i>	<i>13,7</i>	<i>9,7</i>
<i>Gjennomsnitt haust</i>	<i>8,0</i>	<i>3,0</i>	<i>9,5</i>	<i>26 %</i>	<i>9,5</i>	<i>6,0</i>